



# Aukra kommune

<b>Planomtale</b>	
Plannamn	Reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547201802
Saksnummer i arkiv:	2018/77
Datert:	23.04.2019
Sist revidert:	09.09.2019 (endringar er vist med raud skrift)
Vedtak:	Vedteken i Kommunestyret xx.xx.xxxx under sak xx



# Innhold

<b>1 Innleiing</b> .....	<b>4</b>
1.1 Føremålet med planarbeidet.....	4
1.2 Om forslagsstillar .....	4
<b>2 Tilhøvet til andre planar</b> .....	<b>4</b>
2.1 Kommuneplan .....	4
2.2 Reguleringsplanar.....	5
2.3 Dispensasjonar av betydning for planarbeidet.....	6
2.4 Andre planar av betydning for planarbeidet .....	6
<b>3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve</b> .....	<b>6</b>
3.1 Lokalisering.....	6
3.2 Planområdet si avgrensing og storleik.....	7
3.3 Topografi.....	7
3.4 Dagens arealbruk.....	7
3.5 Kulturminne.....	7
3.6 Naturverdiar etter NML.....	8
3.7 Trafikktilhøve.....	9
3.8 Kollektivtrafikk.....	9
3.9 Grunntilhøve (lausmasser, berggrunn).....	10
3.10 Friluftsliv .....	10
3.11 Landbruk .....	10
3.12 Forureining .....	11
<b>4 Omtale av planforslaget</b> .....	<b>11</b>
4.1 Planlagt arealbruk.....	11
<b>4.2 Reguleringsføremål etter § 12-5</b> .....	<b>12</b>
<b>5 Konsekvensar av planforslaget</b> .....	<b>12</b>

5.1 Behov for konsekvensutgreiing.....	12
5.2 Naturverdier etter Naturmangfaldlova (NML) .....	13
5.3 Kulturminne.....	13
5.4 Barn- og unge sine interesser .....	14
5.5 Universell utforming .....	14
5.6 Støy.....	14
5.7 Friluftsliv .....	14
5.8 Teknisk infrastruktur .....	14
5.9 Risiko og Sårbarheit (ROS).....	15
5.10 Overvatn.....	15
5.11 Landbruk .....	15
5.12 forureining.....	15
<b>6 Planprosessen .....</b>	<b>16</b>
6.1 Planprosess.....	16
<b>Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema) .....</b>	<b>17</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Føremålet med planarbeidet

*Føremålet med planarbeidet er å:*

- Slå saman gjeldande reguleringsplanar slik at ein får ein samla plan for heile området.
- Leggje til rette for fortau frå krysset mellom Hauglandsvegen og Riksfjordvegen, og fram til Gossen idrettslag sitt anlegg.
- Leggje til rette for utviding av Gossen idrettslag sitt anlegg med ny fotballbane og sandvolleyballbaner.
- Leggje til rette for bygging av ein ny parkeringsplass for bilar og bussar i tilknytning Gossen idrettslag sitt anlegg.
- Erstatte føremålet «campingplass» i gjeldande reguleringsplan med idrettsføremål.
- Regulere eigedom 13/383 til bustadføremål i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, og etter innspel frå heimelshavar.

## 1.2 Om forslagsstillar

Aukra kommune ved eining for tekniske tenester er forslagsstillar og ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplanen.

# 2 Tilhøvet til andre planar

## 2.1 Kommuneplan

I kommuneplanen sin arealdel, vedteken 07.02.2017, er planområdet avsett til «detaljeringssone 910 – reguleringsplan skal fortsatt gjelde», og «boligbebyggelse – nåværende», jf. figur 1:



Figur 1: Utsnitt av gjeldande kommuneplan sin arealdel.

## 2.2 Reguleringsplanar

Det er tre gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet: Reguleringsplan for Riksfjord skule og idrettsanlegg (vedteken 18.09.2008 – planid 1547200805) og Riksfjord skule og idrettsanlegg, endring 01 (vedteken 10.05.2012 – planid 1547201105) ligg innanfor planområdet i si heilheit. Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Riksfjord-Sporssem (vedteken 21.06.2006 – planid 1547200604) ligg delvis innanfor planområdet i aust/nord-aust, jf. figur 2 og 3.

Dei gjeldande reguleringsplanane som ligg innanfor planavgreinsinga til den nye reguleringsplanen vil verte oppheva i medhald av plan- og bygningslova § 12-14. Reguleringsføremåla vert med nokre unntak vidareført, og tilpassa ny plan og bygningslov.



Figur 2 (venstre) viser reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg. Figur 3 (høgre) viser reguleringsplanane Riksfjord skule og idrettsanlegg, endring 01, og gang og sykkelveg Riksfjord-Sporssem.

### 2.3 Dispensasjonar av betydning for planarbeidet

Drift og arealutvalet gav i møte den 25.10.2018, sak 34/18, dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Riksfjord skule og idrettsanlegg for bruk av gymsalen på gamle Riksfjord skule til mellombels kino og forsamlingshus inntil nytt kulturhus er ferdigstilt.

Gjennom delegert vedtak den 03.09.2015, sak 158/15, vart det gitt dispensasjon frå plan og bygningslova sine krav om maksimal møne og gesimshøgde, slik at det vart tillat å føre opp idrettshall med maksimal mønehøgde på inntil 14,439 meter.


### 2.4 Andre planar av betydning for planarbeidet

Sakshandsamar er ikkje kjent med at det er andre planar i området som kan ha betydning for planområdet.

## **3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve**

### 3.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Riksfjord, om lag 1,7 km nord for Falkhytten sentrum på Gossen, Aukra kommune, jf. figur 4 og 5:



Figur 4 (venstre) viser planområdet si lokalisering på Gossen. Figur 5 (høgre) viser reguleringsplanen si avgrensing.

### 3.2 Planområdet si avgrensing og storleik

Planområdet er avgrensa av gjeldande reguleringsplanar i nord, aust og vest, og av eksisterande bustadområde i sør. Storleiken på planområdet er om lag 120 daa.

### 3.3 Topografi

Størstedelen av planområdet er utbygd, men delar av områda som i planen er avsett til idrett- og naturføremål er småkuperte.


### 3.4 Dagens arealbruk

Eksisterande arealbruk er i dag dominert av gamle Riksfjord skule, og Gossen idrettslag sine anlegg Riksfjord stadion og Aukrahallen. Riksfjord skule vert i dag nytta som kulturskule, mellombels barnehage, samt mellombels kino og forsamlingshus. Riksfjord stadion er Gossen idrettslag si hovudbane, og er ei 11ar bane på 105 x 65 meter med tilhøyrande tribunebygg. Aukra arena er ein innandørs hall på 66 x 45 meter, med ei 7ar bane og tre 5ar baner. Øvreg arealbruk er knytt til eksisterande veger, eksisterande bustader, og naturområde.

### 3.5 Kulturminne

Sakshandsamar har nytta Riksantikvaren si teneste Askeladden for å undersøke om planområdet inneheld Automatisk freda kulturminne, men har ikkje funne nokre registreringar.

I regional delplan for kulturminne er det ved Riksfjord skule registrert ein fangeleir frå 2. verdskrig. Dette nyare tids kulturminnet er registrert i Askeladden og omfattar ein større del av planområdet, jf. figuren nedanfor:




Dei fyrste fangane som kom til Gossen blei innkvarterte på mannskapsbrakka på den nedlagde kvalstasjonen på Nyhamna. Så snart hovudleiren på Riksfjord var ferdig, blei fangane flytta dit. Dei fleste fangane arbeidde med flyplassen og med vegbygging. Det var stort sett russiske fangar, og på det meste var det 1050 fangar. Restane etter fangeleiren er i dag borte, men den låg i området der Riksfjord skule blei bygd.

### 3.6 Naturverdiar etter NML

Sakshandsamar har nytta Miljødirektoratet sine tenester naturbase og artsdatabanken for å undersøke om planområdet inneheld naturverdiar etter naturmangfaldlova, og fylgjande opplysningar er registrerte:

Nord-vest i planområdet er det registrert ein naturtype (kystmyr) med verdien viktig, jf. figur 6. Arealet som ligg innanfor planområdet er om lag 5,4 daa stort, og ligg i eit område som er avsett til anlegg for idrett og sport i gjeldande reguleringsplan for Riksfjord skule og idrettsanlegg.

Kunnskapskravet i § 8 i naturmangfaldlova er oppfylt ved at ein har nytta tilgjengeleg kunnskap om naturmangfaldet innanfor planområdet gjennom bruk av naturbase og artsdatabanken. Dei øvrege paragrafane kjem ikkje til anvending.



Figur 6: Utsnitt frå naturbase, naturtypen kystmyr er vist med grøn skravur.

### 3.7 Trafikktilhøve

Sakshandsamar har nytta Statens vegvesen si teneste vegkart for å finne informasjon om trafikktilhøva innanfor planområdet.

Tilkomsten til planområdet skjer over fylkesveg 6048 (Riksfjordvegen), og den kommunale vegen Hauglandsvegen. Riksfjordvegen forbi planområdet har fartsgrense på 40 km/t, med ÅDT på 1130 (6 % andel lange køyretøy). Hauglandsvegen forbi planområdet har fartsgrense på 50 km/t. Det føreligg ikkje trafikkmålingar for kommunale vegar, og ÅDT er derfor ikkje kjent. Det er tre eksisterande avkøyrslar frå vegane, desse er vist på plankartet med føremålet SKV1-3.


### 3.8 Kollektivtrafikk

Bussrute 561, Aukra, går langs fylkesveg 6048 (Riksfjordvegen) aust for planområdet. Det er ikkje etablert busslommer i nærleiken, og bussen stoppar derfor etter behov langs vegen.

### 3.9 Grunntilhøve (lausmasser, berggrunn)

Berggrunnskart N50 frå NGU viser at planområdet består av Gneis, vanlig åregneis (migmatisk gneis), vist med rosa farge på figur 7.

Lausmassekart frå NGU viser at planområdet består av Breeelvavsetning (orange farge på figur 8), marin strandavsetning, sammenhengende dekke (blå farge på figur 8), samt torv og myr (vist med raud-brun farge på figur 8).



Figur 7 (venstre): Utsnitt frå berggrunnskart N50. Figur 8 (høgre): Utsnitt frå lausmassekart.


### 3.10 Friluftsliv

I tillegg til aktivitetane på Gossen idrettslag sine anlegg på Riksfjord, er Gossen godt tilrettelagt for øvrege friluftaktivitetar med eit godt utbygd gang og sykkelvegnett, og mange flotte turløyper.

### 3.11 Landbruk

Arealressurskart, AR5, frå NIBIO viser at planområdet består av bebygd areal (rosa farge på figur 9), open fastmark (grå farge på figur 9), skog (grøn farge på figur 9, samt noko myr i nord aust (lyseblå skravur på figur 9).

Arealressurskart, dyrkbar jord, frå NIBIO viser at store deler av planområdet består av dyrkbar jord, det vil sei areal som eignar seg for oppdyrking til fulldyrka jord, jf. figur 10.



Figur 9 (venstre): Utsnitt av arealressurskart, AR5. Figur 10 (høgre): Utsnitt av arealressurskart, dyrkbar jord.

### 3.12 Forureining

Sakshandsamar har nytta Miljødirektoratet si kartteneste for å undersøke om planområdet inneheld forureining i grunnen, men har ikkje funne nokre registreringar.

Sakshandsamar har nytta Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap si kartteneste for å undersøke om det er transport av farleg gods gjennom planområdet, men har ikkje funne nokre registreringar.

## **4 Omtale av planforslaget**

### 4.1 Planlagt arealbruk

*Planlagd ny arealbruk er å:*

- Leggje til rette for gang- og sykkelveg frå krysset mellom Hauglandsvegen og Riksfjordvegen, og fram til Gossen idrettslag sitt anlegg.
- Leggje til rette for utviding av Gossen idrettslag sitt anlegg med ny fotballbane og sandvolleyballbaner.
- Leggje til rette for bygging av ein ny parkeringsplass for bilar og bussar i tilknytning Gossen idrettslag sitt anlegg
- Regulere eigedom 13/383 til bustadføremål i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, og etter innspel frå heimelshavar.

## 4.2 Reguleringsføremål etter § 12-5

### § 4.2.1 Busetnad og anlegg

- Frittliggjande småhus (BBF)
- Offentleg eller privat tenesteyting (BOPT)
- Idrettsstadion (BIS)
- Idrettsanlegg (BIA1, BIA2)
- Avløpsanlegg (BAA)

### § 4.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Veg (O\_SV)
- Køyreveg (O\_TV)
- Køyreveg (O\_SKV1-3)
- Annan veggrunn (O\_SAVG)
- Gang- og sykkelveg (SGS2)
- Gang og sykkelveg (SGS1)
- Parkering (SP1, SP2)
- Parkeringsplass (SPP1, SPP2)

### § 4.2.3 Grøntstruktur

- Naturområde (GN1, GN2)

### § 4.2.4 Omsynssoner

- Frisiktsoner (H140)
- Bevaring naturmiljø (H560)

### § 4.2.5 Rekkjefølgjekrav

- Fortau frå kryss til Gossen idrettslag sine anlegg
- Parkeringsplassane SPP1 og SPP2 - overvatn
- Rekkjefølgje knytt til støy

## 5 Konsekvensar av planforslaget

### 5.1 Behov for konsekvensutgreiing

Alle reguleringsplanar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast, jf. plan og bygningslova § 4-2, andre avsnitt. Merk også at krav om konsekvensutgreiing gjeld for reguleringsplanar som avvik vesentleg frå gjeldande kommuneplan, jf. plan og bygningslova § 12-3, tredje avsnitt.

Hovudføremålet med planforslaget er å leggje til rette for utviding av Gossen idrettslag sitt anlegg med ny fotballbane, sandvolleyballbaner og parkeringsplass, samt å etablere fortau for å sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar fram til Gossen idrettslag sitt anlegg. For å kunne realisere denne utvidinga vert det naudsynt å nytte areal som er karakterisert som dyrkbart areal, og barskog med høg bonitet i AR5 data frå NIBIO.

I gjeldande kommuneplan sin arealdel er området avsett til «detaljeringszone 910 – reguleringsplan skal fortsatt gjelde», og i gjeldande reguleringsplan for Riksfjord skule og idrettsanlegg er området avsett til offentlig føremål. I planforslaget er området føreslått endra til føremåla idrettsanlegg og parkeringsplass.

### Sakshandsamar si vurdering

Sakshandsamar har vurdert planforslaget opp mot forskrift om konsekvensutredningar § 6, vedlegg 1, § 7, vedlegg 2, samt §§ 8 og 10, men har ikkje funne at dei nye tiltaka som er føreslege innanfor planområdet er av eit slikt omfang at det vert løyst ut krav om konsekvensutgreiing. Sakshandsamar vurderer heller ikkje at planforslaget avviker vesentleg frå kommuneplanen sin arealdel.

### 5.2 Naturverdiar etter Naturmangfaldlova (NML)

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for den registrerte naturtypen kystmyr; i planforslaget vert området der naturtypen ligg vidareført som naturområde med strenge krav til bruken av området, jf. reguleringsføresegnene sin § 2.3.1. Sjølve naturtypen er regulert til føremålet «bevaring naturmiljø» (omsynssone H560), jf. reguleringsføresegnene sin § 2.4.2.

### 5.3 Kulturminne

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for automatisk freda kulturminne innanfor planområdet då det i tilgjengelege kjelder ikkje er funne nokre registreringar, jf. punkt 3.5.

Det er nedfelt i reguleringsføresegnene sin § 1.4 at dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmynde i fylkeskommunen kontaktast.

## 5.4 Barn- og unge sine interesser

*Planforslaget ivaretek og barn og unge sine interesser ved at:*

- Det vert lagt til rette for etablering av fortau frå krysset mellom Hauglandsvegen og Riksfjordvegen, og fram til idrettsanlegget for å sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar.
- Barn og unge sin representant i plansaker har fått framlagt planforslaget, og gitt høve til å kome med uttale i samband med melding om oppstart og offentleg høyring.
- Det vert lagt til rette for utviding av det eksisterande idrettsanlegget med ei ny fotballbane og to sandvolleyballbaner. Gossen idrettslag driv eit omfattande arbeid blant barn og unge, og det er antatt at ei utviding av idrettstilbodet er med på å styrke tilbodet til denne gruppa.

## 5.5 Universell utforming

Det er nedfelt i reguleringsføresegnene sin § 1.3 at prinsippa for universell utforming skal leggest til grunn ved utforming av alle trafikkanlegg, uteopphaldsareal m.m. Ut over dette gjeld universell utforming av byggverk slik det er nedfelt i plan- og bygningslova og byggt teknisk forskrift (TEK 17).

## 5.6 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningslinjer T-1442/16 leggest til grunn, dette er og nedfelt i reguleringsføresegnene sin § 1.5.

Støyen innanfor planområdet er i dag hovudsakleg knytta til biltrafikk, og må kunne sjåast på som påregneleg. I samband med etablering av nye tiltak kan det periodevis verte noko ekstra støy frå anleggstrafikk og sprengingsarbeid.

## 5.7 Friluftsliv

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for friluftsliv, jf. punkt 3.10.

## 5.8 Teknisk infrastruktur

Kommunale vatn- og avløpsleidningar som ligg i grunnen rett vest for tilkomstvegen til Gossen idrettslag sitt anlegg, må truleg flyttast i samband med at det er tenkt etablert parkeringsplass for bilar og bussar i dette området.

### 5.9 Risiko og Sårbarheit (ROS)

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit i samsvar med plan og bygningslova § 4-3. Det blir her vist til utfylt sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal (vedlegg 1). Ved gjennomgang av sjekklista er det ikkje avdekka tilhøve som vil krevje nærmare omtale eller særskilte tiltak.

### 5.10 Overvatn

Store delar av området som i planforslaget er tenkt nytta til parkeringsplass er grøfta, og det er derfor teke inn eit punkt i reguleringsføresegnene sin § 2.8.2 (rekkefølgekrav) som seier at det før etablering av parkeringsplass skal gjerast undersøkingar, og om nødvendig utførast nødvendige tiltak, for å hindre at overvatn kan føre til problem i samband med utbygginga.

### 5.11 Landbruk

Store delar av området som i planforslaget er tenkt nytta til etablering av nye idrettsføremål og parkeringsplass er i arealressurskart frå NIBIO avsett til dyrkbar jord, jf. punkt 3.11. Det aktuelle området er ubygd, og består i dag av barskog med høg til særskilt høg bonitet i høve AR5 kart frå NIBIO.

Det aktuelle området er i gjeldande reguleringsplan for Riksfjord skule og idrettsanlegg avsett til offentleg føremål, og var tenkt som eit alternativ til tomt for det som no er Gossen barne og ungdomsskule. Etter at Gossen barne og ungdomsskule vart vedteken bygd på Falkhytten i staden, er dette føremålet ikkje lengre dekkande, og ein ønsker å omregulere arealet slik at det kan nyttast til å utvide Gossen idrettslag sitt tilbod med ei ny fotballbane, sandvolleyballbaner og parkeringsplass.

Sakshandsamar vurderer at fordelane med å nytte arealet til idrettsføremål og parkering er langt større en ulempene det medfører for det potensielle dyrkbare arealet og den eksisterande barskogen i området. Det aktuelle området er eigd av kommunen, og sakshandsamar er ikkje kjent med at det tidlegare har vore tema å vurdere å leige dette arealet vekk til landbruksføremål.

### 5.12 forureining

Det er ikkje registrert forureining innanfor planområdet, og planforslaget legg ikkje opp til at det vert etablert tiltak som i seg sjølv kan utgjere fare for forureining. Det er heller ikkje registrert transport av farleg gods gjennom planområdet, jf. punkt 3.12.

## 6 Planprosessen

### 6.1 Planprosess

Melding om oppstart	03.10.2018
Merknadsfrist etter melding om oppstart	05.11.2018
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til 1. høyring	
Høyring i perioda	
Kommunestyret eigengodkjenner reguleringsplanen	
Klagefrist etter endelig vedtak av reguleringsplanen	

## Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge moglege av klimaendringar?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	i	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Brann/-ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskøyretøy?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Infrastruktur	a	Er det kjente ulykkespunkt på transportnett i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesielle brannobjekt i området? Riksfjord skule (vert nytta til mellombels kino, forsamlingshus, kulturskule og barnehage).	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
	c	Er det omsorgs- eller oppvekst institusjonar i området? Riksfjord skule (vert nytta til mellombels kino, forsamlingshus, kulturskule og barnehage)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
	d	Er det andre typer sårbare objekt i området? Under krigen låg det ein fangeleir på området der Riksfjord skule vart bygd. Restane av denne er ikkje synleg i dag, men dersom det ved	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>

		gjennomføring av nye tiltak i området likevel skulle dukke opp restar som kan stamme frå fangeleiren, skal arbeidet stoppast og kulturavdelinga i fylket varslast. Jf. § 1.4 i føresegnene, samt punkt 3.5 i denne planomtalen.		
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Sjekklista er gjennomgått den 23/04/ 2019 av *sign*: Svein Rune Notøy